


BARN OG BROTT

Barnehagetilsette i møte med barn og foreldre ved samlivsbrøt







vert år opplever over 20 000 barn at foreldra skil seg eller blir separerte. I tillegg kjem fleire tusen brot mellom sambuarar med barn. Dei aller fleste foreldre samarbeider godt under og etter eit samlivsbrot, og dei fleste barn lever bra med den nye situasjonen.


Formålsparagrafen i barnehagelova presiserer at alt arbeid med barn skal skje i nær forståing og samarbeid med heimen til barnet. Det gjeld ikkje minst for foreldre i samlivsbrot. Når foreldra ikkje klarer å samarbeide med kvarandre, blir barnehagen særleg viktig for barnet. Då er det avgjerande at barnehagen har gode rutinar og ei bevisst haldning til foreldresamarbeidet. Det handlar om å etablere tryggleik og tillit mellom foreldra og dei barnehagetilsette så tidleg som mogleg når barnet begynner i barnehagen. Gode rutinar for korleis barnehagen møter barn og foreldre ved eit samlivsbrot, er også eit godt verkemiddel. Dei tilsette i barnehagen skal ha eit vake auge for korleis barnet reagerer og oppfører seg etter eit samlivsbrot, og dei skal snakke med foreldra om det dei observerer. Det er viktig for barnet at dei tilsette oppmødar foreldra til å reflektere over situasjonen. Det skal

ikkje vere personavhengig korleis barnet og foreldra blir møtte i ein vanskeleg livssituasjon. Alle som jobbar i barnehage, skal ha kompetanse til å sjå at eit barn ikkje har det bra. Alle tilsette skal òg ha kompetanse til å hjelpe foreldre som er i konflikt. Styraren har hovudansvaret for å følgje opp og sjå til at alle, også nytilsette, får denne kompetansen.

Dette heftet er basert på FNs barnekonvensjon og nyare forskning. Heftet skal gi barnehagetilsette auka kompetanse til å møte barnet og foreldra etter eit samlivsbrot og bidra til å gjere barnehagen til ein trygg og god stad å vere. Heftet kan òg brukast som utgangspunkt for refleksjon og diskusjon på fagmøte og temadagar i barnehagen.

Vi håper at heftet vil bidra til å gi alle barn ein god barnehagekvardag og ein trygg oppvekst.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Foreldreutvalet for barnehagar, januar 2015



§

Barnets beste og FNs barnekonvensjon

Barnets beste er eit overordna nasjonalt og internasjonalt prinsipp. Det inneber at omsynet til barnets beste skal vere det sentrale vurderingstemaet i alle avgjerder i alle saker som gjeld barnet.

Prinsippet om barnets beste er nedfelt i FNs barnekonvensjon artikkel 3 nr. 1:

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

SAMLIVSBROT – EI KRISE FOR BARNET

Mange foreldre klarer å samarbeide godt etter eit samlivsbrot, og familien kjem inn i den nye kvardagen utan større vanskar. Men enkelte er usikre på korleis familielivet vil bli i framtida. Par med utfordringar rundt felles foreldreskap etter brot kan bli svært opptekne av sjølve konflikten og kan få problem med å meistre forelderolla. Somme strevar med dette i perioden rett etter brotet og før den nye situasjonen normaliserer seg, andre slit i lang tid – kanskje gjennom heile oppveksten til barnet. Eit samlivsbrot kan påverke den trygge tilknytninga barnet har til foreldra. Dersom foreldra er utydelege når det gjeld avtalar og samarbeids-løysingar, kan barnet bli utrygt.

Konflikt mellom foreldra

Det er viktig å vurdere kva konsekvensar brotet mellom foreldra har for barnet. Mange foreldre opplever samlivsbrotet som ei krise, men dei klarer likevel å fungere godt saman for barnet. Andre foreldre utviklar eit så høgt konfliktnivå at det påverkar barnet negativt og forstyrrar utviklinga. Barnehagen har då eit spesielt viktig oppdrag med å ta vare på barnet. Kva bør dei barnehagetilsette følge spesielt godt med på? Her er nokre spørsmål ein

kan bruke for å vurdere konfliktnivået. Diskuter gjerne saman med kollegaer:

- Kranglar foreldra ofte?
- Er konflikten mest aktiv rett etter brotet, eller er han langvarig og fastlåst?
- Kjem vanskane mellom foreldra ope til syne i barnehagen, eller verkar foreldra samkøyrde og rolege?
- Når foreldra er ueinige, kva er dei ueinige om? Er konflikten prega av personangrep og fiendskap?
- Klarer foreldra å konsentrere seg om barnet, eller blir konflikten så dominerande at dei mister barnets beste av syne?
- Kor stort trykk er det i konflikten? Kjenner dei tilsette på ubehag i møte med foreldra?
- Er foreldra konstruktive og finn ut av det dei er ueinige om? Bidreg begge til dette?
- Er det snakk om vald, truslar, rus og/eller alvorleg psykisk ubalanse?
- Varer konflikten over tid? Blir dei tilsette stadig meir urolege for utviklinga til barnet?
- Er barnet prega av at foreldra er ueinige? På kva måte?

Når foreldre ikke klarer å samarbeide for barnets beste, blir barnehagen desto viktigere. Hvis foreldrene ikke ser barnets behov, har de ansatte et ansvar for å synliggjøre dette for foreldrene.

Når foreldra ikkje klarer å samarbeide for barnets beste, blir barnehagen desto viktigare. Dersom foreldra ikkje ser behova til barnet, har dei tilsette eit ansvar for å synleggjere det for foreldra.

Foreldra er dei viktigaste rollemodellane når barnet skal lære seg å utvikle positive og trygge relasjonar til andre. Har foreldra eit dårleg forhold til kvarandre over tid, kan det påverke barnet si evne til å løyse konflikhtar og vere i gode relasjonar med andre. Dermed kan det påverke og prege forholdet barnet har til andre menneske allereie i barnehagen. Barnehagen kan kompensere for manglande læring i heimen. Dermed blir barnehagen ein viktig arena der barnet kan lære å løyse konflikhtar og byggje relasjonar.

Påverknad på barnet

Foreldra er dei viktigaste vaksne i livet til barnet. Når foreldra har det vanskeleg eller er i konflikt, aukar stressnivået både hos dei og hos barnet. Auka stressnivå hos barn, i kombinasjon med foreldre som er mindre tilgjengelege, kan påverke utviklinga til barnet.

”

Pappa og mamma seier aldri hei til kvarandre. Det er rart!

Gut, 3 år


Når foreldra har ei spent eller fiendtleg haldning til kvarandre, blir barnet lettare på vakt og passar på korleis foreldra har det. Eit barn kan strekkje seg langt for at foreldra skal ha det bra, og det kan gjere det vanskelegare for barnet å bli kjent med og regulere sine egne følelsar. Eit stressa barn blir dessutan lettare utrygt og har vanskelegare for å forstå samspelet med andre. Konsekvensen kan bli at barnet får vanskar med leik og vennskap i barnehagen.

”

Eg blir redd når mamma ser på pappa med sånne svarte stikkeauge – nokre gonger får ho det når eg fortel kva pappa og eg har gjort i helga, òg.

Jente, 6 år





Foreldreskapet består sjølv om samlivet tek slutt:

- Parkonflikten er ikkje noko tema for barnet.
- Foreldra må vere merksame på behova og opplevingane til barnet også etter eit samlivsbrot og ikkje blande dei saman med sine egne behov og opplevingar.

Reaksjonar hos barnet

Barn er forskjellige og reagerer ulikt på konflikter mellom foreldra. Enkelte barn blir usikre og passive, andre blir urolige og trekkjer seg unna. For nokre barn er situasjonen ei så stor belastning at dei vel side i konflikten, mens andre strevar for at det skal bli helt rettferdig mellom foreldra. Uavhengig av alderen til barnet er ein foreldrekonflikt alvorleg.

”

Eg lurar på om det er mi skyld at mamma og pappa kranglar?

Jente, 4 år

Små barn set ikkje alltid ord på korleis dei har det, og korleis dei opplever heimeforholda. Det er viktig at dei

barnehagetilsette følgjer med og observerer barn som er i ein brotsituasjon, og at dei ser etter teikn som kan tyde på at barnet har det vanskeleg. Barn som tidlegare var trygge på alle situasjonane i barnehagen, kan bli meir urolege, til dømes i overgangen mellom inne- og uteleik. Nokre barn kan gå tilbake i utviklinga i ein kortare eller lengre periode og kan til dømes begynne med smokk eller tisse på seg igjen. Barnet kan òg plutselig bli utrygt i situasjonar det tidlegare var trygt i, eller det kan bli svært klengjete på dei vaksne. Nokre barn får problem med soving eller eting, andre kan bli prega av at føleles-uttrykket endrar seg – det kan til dømes bli sterkare eller flatare.

Utvikling hos barnet

Alderen til barnet og kor modent det er, påverkar korleis det taklar samlivsbrotet til foreldra. Dei fleste barn kjenner på sorg og sakn når foreldra skil lag, men dei uttrykkjer det ulikt. Sårbarheita hos eit barn etter brotet kan vere vond og vanskeleg for foreldra å kjenne på. Eit barn kan derfor skjule denne sårheita for å skåne foreldra, for det vil ikkje gjere foreldra lei seg. For nokre barn kan det vere viktig å snakke med ein tilsett i barnehagen om denne sorga, for som profesjonelle har dei barnehage-tilsette betre føresetnader til å takle følelsane til barnet.

Nokre barn saknar den eine forelderen når dei er hos den

andre. Dei tilsette i barnehagen kan setje ord på at det er lov å vere lei seg, sakne tida då foreldra budde saman, eller ønskje at dei skal flytte saman igjen. På den andre sida kan barn som har opplevd skremmande konflikhtar, vald, rus og/eller psykisk sjukdom hos ein av foreldra, føle at eit samlivsbrot gir dei meir tryggleik.

Nokre faktorar som kan påverke utviklinga hos barnet etter eit samlivsbrot:

- Kor stabil er samværsordninga?
- Kor godt fungerer samarbeidet og kommunikasjonen mellom foreldra?
- Kor god tilknytning hadde barnet til kvar av foreldra før brotet?
- Kor sensitive er foreldra for følelesuttrykket til barnet?
- Kor god er kontakten mellom barnet og dei tilsette i barnehagen?
- Kor godt forstår dei tilsette følelsane til barnet?
- Finst det andre viktige vaksne for barnet?
- Kor stort er konfliktnivået mellom foreldra?



”

Petter, 6 år

har alltid vore roleg og forsiktig. No er han blitt endå rolegare og nesten usynleg i barnehagen.

Emilia, 4 år

har alltid vore lett å levere i barnehagen. No klamrar ho seg til mamma og pappa når dei skal gå.

Oscar, 3 år

har alltid vore leiken og litt vilter. No slit barnehagen med å setje grenser, og han har begynt å bite andre barn.

VIKTIGE OMGREP

For at dei barnehagetilsette skal ha eit godt samarbeid med foreldra, er det viktig at dei veit kva rettar og plikter lovverket gir foreldra etter eit samlivsbrot. Det kan vere utfordrande for dei tilsette i barnehagen å vite kva dei skal gjere og seie i møtet med foreldra under og etter eit brot.

Dette er dei mest brukte omgrepa i samband med skilsmisse og samlivsbrot:

- foreldreansvar
- felles foreldreansvar
- fast bustad
- delt fast bustad
- samvær

Foreldreansvar

§

Barnelova § 30 seier mellom anna dette om foreldreansvaret:

«Barnet har krav på omsut og omtanke frå dei som har foreldreansvaret. Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege tilhøve innanfor dei grensene som §§ 31 til 33 set. Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov.»

Foreldreansvaret inneber ei plikt til å ha omsorg for barnet og ein rett til å bestemme på vegner av barnet i personlege forhold av ulik art, mellom anna når det gjeld verjemål, medisinsk behandling, barnehage- og skuleval og flytting utanlands.

Felles foreldreansvar

§

I barnelova § 37 står det at avgjerder kan takast av den som barnet bur fast saman med:

«Har foreldra sams foreldreansvar, men barnet bur fast saman med berre den eine, kan den andre ikkje setje seg mot at den barnet bur saman med, tek avgjerder som gjeld vesentlege sider av omsuta for barnet, m.a. spørsmålet om barnet skal vere i barnehage, kor i landet barnet skal bu og andre større avgjerder om dagleglivet.»

Begge foreldra har rett og plikt til å ta avgjerder på vegner av barnet i personlege forhold og gi barnet forsvarleg oppseding og forsørging og utdanning etter evne og personlegdom. Hovudregelen er då at barnehagen skal gi begge foreldra den same informasjonen om barnet til same tid, inkludert informasjon om foreldresamtalar, foreldremøte, utgreiing, kartlegging, mobbing eller uro som gjeld utvikling, samhandling og liknande.

Fast bustad

§

I barnelova § 36 står det at foreldra kan gjere avtale om at barnet skal bu fast hos anten éin av dei eller begge:

«Er foreldra usamde, må retten avgjere at barnet skal bu fast hos ein av dei. Dersom det ligg føre særlege grunnar, kan retten likevel avgjere at barnet skal bu fast hos begge.»

«Kvar barnet skal bu fast» seier først og fremst noko om kven av foreldra barnet bur mest hos. I dei fleste tilfella er det slik at den faste bustaden er der barnet bur mesteparten av tida, sjølv om barnet i prinsippet kan ha samvær med den andre forelderen opp til 50 prosent av tida. Den av foreldra som barnet bur fast hos, har avgjerdsrett i mange saker, mellom anna når det gjeld om barnet skal vere i barnehage, kvar i landet barnet skal bu, val av fritidsaktivitetar, deltaking i bursdagsselskap, mat, påkledning, leggjetider, venner, tilsyn og stell o.a.

Vanlegvis har den som har den daglege omsorga, og den som har samværsrett, foreldreansvar i fellesskap.

Delt fast bustad

Delt bustad er det snakk om berre når foreldra er einige om at barnet skal ha delt bustad. Ved delt bustad bur barnet fast hos begge foreldra, til dømes annakvar veke hos mor og annakvar veke hos far. Ein avtale om delt bustad kan like godt gå ut på at barnet er 60 eller 70 prosent av tida hos éin av foreldra og 40 eller 30 prosent hos den andre. Når barnet har fast bustad / bur fast hos begge foreldra, har foreldra i fellesskap avgjerdsrett. Det vil seie at begge foreldra har like rettar med tanke på kvardagen til barnet.

Samvær

Den forelderen som ikkje har barnet buande fast hos seg, har vanlegvis samvær med barnet.

”

Sjølv om eg bur i Bardufoss og Lucas bur i Oslo saman med mora si, har eg alltid fått den same informasjonen frå barnehagen. Det er fint å vite når Lucas kjem på ferie til meg.

Far med felles foreldreansvar





BARNEHAGEN SI ROLLE



Måten dei barnehagetilsette opptre på, og korleis dei følgjer opp barn og foreldre i ein brotsituasjon, har mykje å seie for at barnet og foreldra skal føle seg trygge.

Trygg tilknytning i barnehagen

Å vere lydhøyr for og handlande i møte med følelsane og behova til barnet er den viktigaste oppgåva foreldra har. Dei vaksne må vere sensitive for kva barnet føler, og det å leggje til rette for stabile og trygge erfaringar er noko av det viktigaste arbeidet som blir utført i barnehagen. Dei vaksne må hjelpe barnet med å setje ord på det barnet uttrykkjer, men som det sjølv manglar ord for. Det å setje ord på følelsar må lærast, og nyansar av følelsar må utviklast.

Det å bli forstått og oppleve at andre stadfestar følelsane våre, gir tryggleik. Spesielt viktig er det for barn, som på grunn av alder og modning ikkje evnar å setje ord på følelsar på same måten som vaksne. Barnehjernen er ikkje ferdig utvikla, så barn blir lettare overvelda og forvirra av det som skjer rundt dei. Dersom det oppstår ein konflikt rundt barnet, hjelper det om dei

vaksne i barnehagen er nær barnet og viser forståing for det barnet fortel gjennom ord og åtferd. Det bidreg til at barnet igjen kan bli tryggare. Det er vanskeleg for dei tilsette å vere like mykje til stades for alle barn, men det er fullt mogleg å vere ein viktig vaksen for dei barna som treng det mest.

Barnehagen si rolle overfor barnet

Barnehagen er først og fremst barnet sin arena, og barnehagen er ein fristad når heimeforholda blir vanskelege. Barnet må få bruke kreftene sine på å utvikle seg og vekse, ikkje på konfliktane til dei vaksne. Derfor er det viktig at barnehagen tek spesielt godt vare på barnet ved samlivsbrot og vanskar mellom foreldra.

Barn som opplever brot mellom foreldra, har stort behov for å bli sett av dei tilsette og treng ekstra omsorg og trøyst. Dei tilsette er svært viktige for det enkelte barnet, og ein trygg relasjon kan vere det beste vernet eit barn kan få. Barnet treng ein balanse mellom nærleik med eit trygt fang og utfordringar med utgangspunkt i ein trygg base.

Barnet må få sjansen til å snakke om korleis det har det, men personalet skal aldri presse barnet til å snakke før det er klart for det.

”

Barnet er akkurat så god til å uttrykkje seg som den vaksne er til å lytte og oppfatte det enkelte barnet.

Gamst og Langballe, 2006

Barnehagen si rolle overfor foreldra

Det er foreldra som har hovudansvaret for å oppsede barnet. Barnehagen utgjer eit kompletterande miljø for barnet og har ansvar for å fremje god kontakt og samarbeid med begge foreldra. Dei tilsette skal møte både barn og foreldre på ein hyggjeleg og empatisk måte og jobbe bevisst med å etablere eit trygt og nært forhold

med alle partar heilt frå tilvenjingsperioden. Ved eit samlivsbrot skal dei tilsette vere bevisste på kva rolle dei har overfor foreldra. Det kan vere utfordrande når foreldre er i konflikt med kvarandre, spesielt dersom barnehagepersonalet opplever meir sympati for den eine parten. Barnehagetilsette som har eit bevisst verdisyn, står betre rusta i møtet med enkeltmennesket i ulike livssituasjonar. Det kan gjere det lettare å unngå å velje side i saka.

”

Dei tilsette i barnehagen møtte oss begge med respekt og forståing og utan å ta parti. Det var trygt og føreseieleg.

Mor etter samlivsbrot

SAMARBEID TIL BESTE FOR BARNET

Det tillitsskapande arbeidet med foreldra bør starte straks barnet begynner i barnehagen. Å etablere god kontakt gir gode føresetnader for å skape eit trygt og tillitsfullt forhold mellom barnehagen og begge foreldra. Bygg derfor den trygge kontakten i gode tider. Personalet må vere tilgjengelege for samtalar både i daglegdagse situasjonar og dersom det oppstår problem.

Forventingar

Avklar og konkretiser gjensidige føresetnader for å kunne skape eit realistisk samarbeid og unngå misforståingar. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen må bere preg av anerkjenning og respekt. At dei vaksne har eit oppe og tillitsfullt forhold til kvarandre, fører dessutan til at barnet føler seg tryggare og trivst betre i barnehagen.

Garderoben

Garderoben er ein viktig møtestad når barnet skal leverast og hentast i barnehagen, og her skjer nok den mest grunnleggjande kontakten mellom foreldra og dei tilsette. Ved levering og henting skjer overgangen mellom heim og barnehage. Dei tilsette i barnehagen kan gjere garderoben til ei positiv sone og ein fristad for barn og foreldre. Det er viktig å avklare med foreldra at garderoben ikkje er staden der dei vaksne skal snakke om alvorlege tema, særleg ikkje over hovudet





på barnet. Det gjeld særleg negativ omtale av den av foreldra som ikkje er til stades. Det er nødvendig å vere bevisst på dette, for kvardagen er hektisk, og ein kan fort seie ting som ein ikkje har tenkt igjennom. Ved levering og henting bør barnet vere i sentrum, og dei vaksne bør inkludere det i samtalen. Samtalar av meir alvorleg karakter bør leggjast til andre rom og utan at barnet er til stades.

”

Det er bra når dei vaksne snakkar om pappa òg, sjølv om mamma og pappa ikkje bur saman lenger.

Jente, 5 år

God informasjon

Formidling av relevant informasjon frå barnehagen til begge foreldra er avgjerande, for personalet kan ikkje rekne med at foreldra informerer kvarandre. Derfor er det viktig å ha god kontakt med begge partar etter eit brot. Slik viser dei tilsette at dei bryr seg om begge foreldra. Det er godt og trygt for barnet òg.

RUTINANE TIL BARNEHAGEN



Alle barnehagar bør ha gode rutinar for korleis dei varetek foreldre i samband med samlivs-
brot, særleg når foreldra er i konflikt.

Forslag til rutinar:

Allereie på det første foreldremøtet kan styraren informere om at alle i barnehagen er opptekne av å ha eit nært og trygt samarbeid med foreldra, jf. formåls-
paragrafen i barnehagelova. Styraren kan nytte høvet og oppmode foreldra til å informere pedagogisk leiar, eventuelt primærkontakten til barnet, om spesielle hendingar eller situasjonar i familien som det kan vere viktig for barnehagen å få vite noko om.

1

Når foreldra informerer barnehagen:

Den av dei tilsette som får informasjonen, må lytte aktivt til det som blir sagt, og gi den som formidlar tid til å snakke, anerkjenne det som blir sagt og stille oppfølgingsspørsmål. Avklar med foreldra kven informasjonen kan formidlast vidare til.

2

Når barnehagen blir informert om skilsmisse eller samlivsbrøt:

Pedagogisk leiar kallar inn til samtale kort tid etter at informasjonen er gitt. Det er viktig at begge foreldra blir kalla inn, og at dei får den same informasjonen.

3

Aktuelle spørsmål som bør avklarast i samtalen:

- Kva veit barnet? Kva treng barnet no?
- Kva slags reaksjonar har barnet hatt på situasjonen? Har dei tilsette lagt merke til endringar ved barnet i barnehagen?
- Kva treng familien? Korleis kan barnehagen hjelpe i denne situasjonen?
- Dersom begge foreldra har foreldreansvar:
 - Kva slags informasjonsutveksling kan barnehagen og foreldra bli einige om?
- Dersom den eine av foreldra har foreldreansvaret åleine:
 - Kva slags rutinar kan barnehagen og forelderen bli

einige om? Barnehagen må ha ein plan for korleis dei skal handtere kontakten med den andre parten for å sikre rettane til barnet.

- Avklar forventingar mellom dei tilsette og foreldra i situasjonen som har oppstått.

4

Informasjonsrutinar:

- Avklar kven foreldra ønskjer å ha som kontaktperson i barnehagen, fortrinnsvis ein tilsett som begge foreldra har tillit til.
- Avklar når og kor ofte pedagogisk leiar og foreldra skal ha møte saman framover.
- Avklar korleis barnehagen skal gi informasjon til begge partar.

- Avklar kven som skal ha kva informasjon.
- Informer foreldra om rolla til barnehagen og kor viktig det er for barnet med ein god dialog framover òg.
- Avtal nytt møte. Sørg for kontinuitet og god oppfølging.

5

Vidare samarbeid med begge foreldra og barnehagen:

- Utviklingssamtalar: Kven skal delta? Saman eller kvar for seg? Steforeldre har ikkje rett til å delta utviklingssamtalar utan at begge foreldre har samtykt til det.
- Arrangement i barnehagen: Kven kan delta? Korleis skal barnehagen gi informasjon?



BEKYMRING FOR BARNET

Dersom dei tilsette observerer at barnet har det vondt over tid, er det nødvendig med dialog med foreldra. Dei tilsette må snakke saka til barnet ved å invitere foreldra til å reflektere over korleis barnet opplever situasjonen. Saman bør partane diskutere kva som skal til for at barnet skal få ein betre og tryggare kvardag. Etter samtalen må dei tilsette følgje opp med tilbakemeldingar til begge partar om korleis barnet trivst og utviklar seg.

Dersom dei tilsette meiner at foreldra ikkje evnar å ta ansvar for barnets beste, bør barnehagen kontakte andre instansar for å få råd og rettleiing.

Kven kan barnehagen ta kontakt med?

● FAMILIEVERNKONTOR

Familievernet er eit statleg tilbod i samband med samlivsbrot og konflikhtar mellom foreldre. Familievernet utfører lovpålagd mekling ved samlivsbrot. Det gjeld både gifte og sambuarar med felles barn og foreldre som vil reise sak for domstol etter barnelova. Både enkeltpersonar, par, tidlegare par og familiar kan ta

kontakt. Tilbodet er gratis, og det er ikkje nødvendig med tilvising. Det finst familievernkontor i alle fylke. Dei tilsette kan gjerne gjere foreldra merksame på dette tilbodet.

www.bufetat.no/familievernkontor

● FUB

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) er eit nasjonalt, uavhengig organ for foreldre med barn i barnehage. Både foreldre og barnehagetilsette kan kontakte FUB for å få råd og rettleiing i barnehagespørsmål og spørsmål som gjeld samarbeidet mellom foreldra og dei tilsette.

Tenestene til FUB er gratis.

www.fubhg.no

● HELSESTASJON OG FAMILIESENTER

Helsestasjonen er eit tilbod til alle barn og foreldre og finst over hele landet. På helsestasjonen er det både helsesøstrer og andre faggrupper som kan gi rettleiing, råd og støtte.

● BARNEVERNTENESTA

I barnehagelova § 22 om opplysningsplikta til barneverntenesta står det slik i første avsnitt: «Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barnevernstjenestens side.» Barnehagen har altså plikt til å melde frå til barnevernet dersom dei tilsette opplever at barnet strevar og har det vondt, utan at foreldra viser evne til å gjere noko med situasjonen til barnet. Det er viktig at foreldra blir informerte om at barnehagen har kontakta barneverntenesta, også dersom det blir sendt bekymringsmelding til barnevernet.



Anonym drøfting

Dersom samtalen med foreldra om at dei tilsette i barnehagen er urolege for barnet, ikkje fører til endring, eller dersom barnehagen synest foreldra er unnvikande eller nektar for at det er noko i vegen, bør barnehagen kontakte barneverntenesta og be om å få drøfte saka anonymt. Barneverntenesta kan gi råd og rettleiing om den vidare prosessen, og om barnehagen bør melde frå om bekymringa eller ikkje.

Meldeplikt

Er bekymringa for eit barn så alvorleg at ho utløyser ei plikt for barnehagen til å melde frå til barneverntenesta, må alltid baserast på ei konkret vurdering av situasjonen til barnet. I ein del tilfelle vil det vere klart at barnehagen har plikt til å melde frå til barneverntenesta, til dømes ved mistanke om vald og overgrep i familien, rusmisbruk og andre former for omsorgssvikt. I andre tilfelle må barnehagen gjere nokre vanskelege vurderingar. Ein konflikt mellom foreldra kan gi grunnlag for melding til barnevernet.

Ved mistanke om straffbare forhold i eller utanfor barnehagen er det viktig å ikkje øydeleggje bevis. Dei tilsette i barnehagen bør derfor vere tilbakehaldne med å «forhøyre» barnet. Strafferettsleg kan det innebere at bevisa i saka blir svekte. Barnet må bli sett og høyrte, og

dersom det ønskjer å fortelje noko, skal det få høve til det. Dei tilsette i barnehagen bør likevel vere svært forsiktige med å stille oppfølgjande og leiande spørsmål. Dei bør skrive ned det barnet seier, og kva den vaksne spør om, rett etter at samtalen har funne stad. Notata bør straks formidlast til den lokale påtalemakta, for barneavhøyr skal gjerast innan 14 dagar frå ei bekymring er registrert.

Opplysningsplikt

Når barneverntenesta pålegg barnehagen å gi opplysningar, er det barneverntenesta som skal vurdere og definere om opplysningsplikta er oppfylt, og kva opplysningar som er relevante for saka. Barnehagen kan kontakte barnevernet for å få råd om korleis dei skal beskrive situasjonen til barnet. Barnehagen må gi opplysningar som barneverntenesta ber om, uavhengig av kontakten med foreldra og teieplikta. Fylkesmannen er klageinstans ved usemje.

LITTERATURLISTE

Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet (2009). *Til barnets beste - Samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten. Lov om barneverntjenester 1992 - nr. 100*

Barneombudet (2012). *Barns stemme stilner i stormen.* Rapport 2012

Brandtzæg, I.; S. Torsteinsson & G. Øiestad (2013). *Se barnet innenfra. Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen.* Kommuneforlaget as

Drugli, M.B. (2008). *Barn som vekker bekymring, 2.* Cappelen akademisk

FNs konvensjon om barnets rett, Barnekonvensjonen (1989), Ratifisert av Noreg 08.01.1991

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) (2012). *Heim - barnehage, eit ressurshefte om samarbeid for foreldra og personalet*

Gamst, K.T. & Å. Langballe (2006). *Samtaler med små barn i saker etter barneloven.* Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Gamst, K.T. (2011). *Profesjonelle barnesamtaler; å ta barn på alvor.* Universitetsforlaget

Gustavson, K.; W. Nilsen & A. Skipstein (2012). **Folkehelseinstituttet 2012:2:** *Foreldrekonflikt, samlivsbrudd og mekling: Konsekvenser for barn og unge*

Hart, S. (2009). *Den følsomme hjernen.* Hans Reitzels forlag

Helskog, G.H. & K.T. Lærum (2007). *Fortsatt foreldre - godt nok samarbeid etter samlivsbruddet.* Modum bad, Samlivssenteret

Killén, K. (2012). *Forebyggende arbeid i barnehagen; samspill og tilknytning.* Kommuneforlaget as

Lov om barnehager (barnehagelova) av 17.06.2005. Kunnskapsdepartementet

Lov om barn og foreldre (barnelova) av 08.04.1981. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Rammeplan for innholdet i og organiseringa av barnehagen (2011). Kunnskapsdepartementet

Wichstrøm, L.; S.B. Kårstad; Ø. Kvello & T.S. Berg-Nilsen (2013). *Child care health and development, vol 40/2014 s. 346-353; What do parents know about their children's comprehension of emotions? Accuracy of parental estimates in a community sample of pre-schoolers.* ISI Journal Citation Reports




Postadresse

Postboks 9360 Grønland
0135 Oslo

Besøksadresse

Schweigaardsgate 15 B
0191 Oslo

fubhg.no



Postadresse

Postboks 2233
3103 Tønsberg

Besøksadresse

Stensberggaten 27
0170 Oslo

bufdir.no

Januar 2015

